

Referat frå leiarmøte fredag 15. oktober og laurdag 16. oktober 2004.

Leiar Sigmund Skjæveland ønske velkommen til leiarmøtet og gav ordet til leiar i Time sau- og geitagslag Nils Petter Aarrestad.

Nils Petter ønske velkommen til Time.

Det er ca 14000 innbyggjarar i Time kommune. Ca. halvdelen av desse bur i Bryne som vart by for 2 år sidan. Leiar i Time Meierier Jostein Frøyland og leiar av Noregs Bondelag Bjarne A. Undheim kjem frå Time kommune.

Time er ein husdyrkommune. Her er i dag 201 gardar som driv med mjølkeproduksjon og 190 gardar som har sau. Tal vinterføra sau i Time er 13225. Det vert levert god slaktekvalitet på lam i frå Time.

Medlemstalet pr. dato er 172. Time veraring (125) har 16 medlemmer og Jærtexsel (119) har 10 medlemmer. Time sau- og geitagslag har ei aktiv gjetarhundnemd.

Torstein Tunheim las dikt.

Opprop av Jostein Seldal.

Det var fleire sauelag som ikkje møtte.

Orientering frå Norsk sau- og geitagslag ved leiar Odd E. Risan.

Takka for høvet til å koma til Rogaland. Vert alltid godt motteke.

Forskrift om småfe: Den legg opp til god drift og lite sjukdom.

Nytt utstyr skal vera utprøvd før det kjem ut på marknaden.

I avlen skal ein leggja vekt på å ikkje få horn på sauene.

Ved gjetarhundbruk må ein kunna få lov til å øva seg på same dyr fleire gonger.

Register for merking av småfe bør vera greitt slik vi har det i dag.

Oppstalling: Her vart bruk av strekkmotall diskutert. Det er i dag ingen forbod mot å bruka strekkmotall. Det er i den nye forskrifta krav om at små lam skal ha tett liggjeunderlag. Sauene skal kunne liggja mot vegg. Kva driftsbygning skal vi ha dersom alle sauene skal ha liggjeplass mot vegg?

Tekniske innretningar: Det må ikkje verta eit krav at kvar enkelt bruk som driv med småfe må ha strømaggregat.

Brannforsikring: Må ha ein viss buskapsstorleik (30 til 40 vinterføra sau) for påbod av brannforsikring.

Før og vatn: Skal lagrast slik at det er av god kvalitet.

Paragraf 23 Førebyggjande tiltak.

Slik den er skreve i dag må fleire distrikt avvikla sauehaldet. Det står at ved fare for unødige lidning grunna rovdyrangrep, parasittangrep, sjukdom, forgiftning, underernæring, trafikk-skadar m.m. skal dyreeigar eller annan med ansvar for dyra ikkje sleppe og/eller halde småfe ute før det er sett i verk tiltak som sikrar eit forsvarleg dyrehald. Her må rovdyrangrep og trafikkskade ikkje koma med i setninga.

Trygve E. Ravndal: Kva vil skje dersom næringa seier at vi ikkje kan godta fleire reglar for hald av småfe?

Odd E. Risan: Vi må prøva å få forskriftene til å leva med.

Ved anlegg av ny veg må ein få inn gjerdekostnad i den totale kostnaden med vegen.

Per Johan Lyse: Det står i forskriftene at det skal vera tett underlag til nyfødde lam.

Odd E. Risan: Ha noko av bingen tett.

Bjørn Laugaland: Vi må ta lovane på alvor.

Forskrift om forvaltning av rovdyr.

Nsg har engasjert seg i dette arbeidet. Risan sa at dei hadde kome med mange innspel til Miljøverndepartementet. Det er det som står i innstillinga som gjeld. 170 ordførarar var med i oppropet om rovvilt i Norsk Natur.

Oppnådde resultat.

2-delt målsetting vart behalde av Stortinget, det vil sei at det er lov til å ha småfe der det er rovdyr.

Oppretthalde erstatningsordningane.

Rask og effektiv uttak av skadedyr.

Frå 6 til 8 regionar.

Kostnadene skal framleis liggja i Miljøverndepartementet.

Det skal fastsetjast bestandmål, ikkje minimumsbestandar av rovdyr.

Sigmund Skjæveland: Kan vi i framtida få rask og effektivt uttak av skadedyr?

Risan: Nsg skal arbeida for å få dette til.

Risan om Skrapesjuke og Nor 98.

Desse sjukdomane vart sett i same bås. Ved påvising av Nor 98 vert det tatt blodprøvar av besetninga. Det går lang tid frå blodprøvane vert tatt til resultatet er klart. Midlar frå solidaritetsfondet er 500 kr pr slakta dyr. Sauer som har gensamansetjing som er svak for skrapesjuke skal slaktast. Mattilsynet skal betala blodprøvane.

Vil bruka solidaritetsfondet til å kjøpa analyseutstyr til rundt 1 mill kr. Dette må vera ei oppgåve for det offentlege.

Ull.

Vi har i dag 20 ulike klassar.

Ved prøvetaking og kontroll fører ein eit røyr inn i ullballen.

1/3 av ulla er crossbred, haustull klasse 1.

Ulla må ikkje verta for grov.

Frå 35 my og nedover er fin ull.

Det vert diskutert å innføra ein ekstra klasse for god ull.

Peder Ravndal: Det er viktig at ulla er krusa og spenstig.

Medlemsutviklinga.

Det var omlegging av kontingenten i 2004 etter sauetallet.

Medlemstalet 1. januar 2004 var 16001

15. oktober 2004: 14675.

Dette er ei endring på 1326, ei minking på 8,3 %. Resten av året er det forventet ein liten tilgang.

Lokallaga må gå aktivt ut og fortelja kva som er fordel med å vera med i eit sauelag.

Peder Ravndal: Kor viktig er det å få med alderen på medlemmer?

Odd E Risan: Det er for å vera oppdatert kva behov og ønskje den enkelte medlem kan ha.

Rogaland har 2384 medlemmer.

Odd E. Risan fekk overrekket krus frå Rsg av Sigmund Skjæveland.

Målfrid Husebø, Bygdefolkets Studieforbund, BSF

Vi har opplæringsbehov i bygdene.

Bøndernes faglege behov.

Oppdatere og fornya kunnskap.

Oppfølging av offentlege krav og pålegg.

Nye næringer.

Bygdekompasset, eit 20 timars opplegg.

Målgruppe: Den jamne bonde og bondefamilie, samt andre småbedrifter i distrikta.

Passar for alle produksjonsretningar.

I gruppa møter du folk i same situasjon som deg sjølv eller gjennom kommunikasjon på tvers av yrke.

Sigmund takka Målfrid for orienteringa.

Orientering av leiar i Rsg Sigmund Skjæveland.

Arbeid i Rsg etter årsmøtet.

Ikkje alt som kjem frå Nsg går ut til høyring i lokallaga. Vi hadde ute høyring på avl. Det kom inn svar frå 4 lokale sauelag og frå 8 vereringar.

Styret i Rsg og avlsutvalet i Rogaland hadde felles møte 10. august og kom med felles uttale. Styret og avlsutvalet var ueinige om kven som skulle eiga verane. Her vil styret at Nsg sentralt skal eiga verane.

Revidering av lagslovane.

Styret fekk ikkje skriftleg tilbakemelding ved utsending av lagslovane. 2 lokallag hadde gjeve skriftleg tilbakemelding tidlegare på lovane. Dette vart tatt med i skrivet frå Rsg til Norsk sau- og geitalslag.

Forskrift om småfe.

Dette høyringsutkastet vart ikkje sendt ut til lokallaga.

Rsg kommenterte ein del paragrafar i brev til Nsg 07.09.04.

PC-kåring.

Styret i Rsg tok ut personar som kunne ta seg av sekretærarbeidet med PC-kåringa. Rsg kjøpte og inn bærbar pc-ar med skrivarar. Både folk og maskinar må evaluerast i etterkant av sesongen. Vi kan ikkje likestilla pc-sekretærarbeidet med dommarjobben.

Fjelldagane 2004.

Det var vellykka fjelldagar på Quality Hotell, Vøringsfoss, Eidfjord.

Bussen frå Sør-Rogaland hadde for dårleg ventilasjon.

I 2005 skal fjelldagane vera på Bolkesjø i Telemark.

Rsg støtta Nordisk meisterskap/landskap i bruk av gjetarhund.

Rogaland gjetarhundlag har søkt Nsg om endring av vedtektene.

Rsg arbeider med å få til ei heimeside.

Frå styremøte i dag 15. oktober 2004.

Brev frå Jæren smalalag om problem med sau som streifer inn i område der det ikkje er organisert beitelag.

Rsg støtta Noregsmeisterskapen i saueklypping i Sirdal 2003 med 1500 kr.

Det vert vising av verane på Særheim laurdag 30. oktober kl 11:00.

Rsg syter for at det vert høve til å få kjøpa mat.

Peder Ravndal etterlyste sauelagets time. Håpte dette kan koma med på ein del leiarmøte.

Det vart stilt spørsmål om vi er gode til å få nye medlemmer og om vi tar oss godt nok av dei medlemene vi har?

Nils Fjellanger: Vi må få ut rekneskapen frå Nsg, så vi ser kva medlemskontingenten går til.

Harald Sleveland: Leiar i lokallaga må vera aktiv for å få noko til. 40 % av medlemene i Helleland sau- og geitalslag er passive medlemmer.

Nils Fjellanger sa at gjerdemøte dei hadde i vår var positivt.

Bjørn Laugaland meinte det var liten avlsinteresse i styret.

Ola Jordebrekk: Hadde ikkje sett noko uttale om 23 kg grense på lam frå Rsg. Meiner at denne grensa går ut over distrikta.

Magne Jakob Bjørheim: Det burde vore gjort unntak for lam som hadde vore til karing og karingsslam som ikkje vart seld til livdyr.

Årsmøte.

Sigmund stilte spørsmål om det kunne vera aktuelt å ha årsmøte på same plass kvart år.

Rsg kunne då pressa prisen og hotellet visste korleis vi ville ha årsmøtet.

I diskusjonen som var etter spørsmål om å ha årsmøte på ein fast plass, var fleirtalet for dei som uttala seg for å ha årsmøta på ulike plassar i Rogaland.

Ove Myklebust frå Gilde Vest.

Kvaliteten på lammeslaktet vert stadig betre. Det gjeld både hjå Gilde og dei private.

Til 11. oktober hadde Gilde Vest ei gjennomsnittvekt på 19,1 kg og 4,8 % av lamma kom i P-klassane. Dette er ei betring av P-klassane med 0,9 %. 52,3 % av lamma var i frå slakteklasse R- til E+. 7 kommunar har under 1 % av lamma i P-klassane til Gilde-slakteria. Bjerkreim som har levert bort imot 13000 lam hadde til 11. oktober 0,3 % av lamma i P klassane.

Frå midten av august til ut sept. var det godt sal av lam både hjå Gilde og dei private.

Til 20. sept. var det i Gilde slakta 45000 fleire lam, eller 800 tonn meir enn tilsvarande periode i 2003. Det var til denne tid seld tre gonger så mykje fårrikålkjøtt og dobbelt så mange lammelår i forhold til same periode 2003. I veke 41 gjekk 17340 lam av 81343 lam slakta i Gilde til reguleringslager. I veke 42 er det over 700 tonn lam på reguleringslager.

Grunnen til at det vart innført ei 23 kg grense på lam.

Få inn mest mogleg lam i sept. då det er godt sal.

Få ned overproduksjonen av lam. (ca 650 tonn mindre lammekjøtt)

Mindre overfeite lam. Halvdelen av lamma over 23 kg er overfeite.

Mindre stykningsdelar, spesielt lår. Forbrukarane ønskjer standard vare.

Leiarmøte laurdag 16. oktober 2004.

Leiar i avlsrådet Bjørn Høyland.

157 frosne restdosar frå 6 verar frå Staur skal fordelast til vereringane.

Høyring-avl.

Norsk sau- og geitagslag har fått inn mange svar, men det er stor sprik på svara.

Avlsrådet skal leggja dette fram for styret i Nsg. Vi vil ta bort GDH-sonene.
(geografi, dyr, helsesone)

Avlsgrupper.

Det kan vera grupper der det er naturleg å samarbeide. Gruppene må lagast til vinteren. Må verta tatt utgangspunkt i dei gamle vereringane. I Rogaland kan det passa med 5 avlsgrupper.

Nsg region. (4 regionar)

Skal bestå av leiar for kvart fylkesutval.

Norsk Kjøtt

KLF

Avlskonsulenten i Nsg (skal vera sekretær og ha overordna ansvar i regionen)

Avlsrådet for sau.

1 representant frå styret

4 repr. frå fagforum sau. (ein frå kvar region)

Norsk Kjøtt

KLF

IHA-NLH

Fagforum for sau.

Avlsrådet for sau.

Leiarar i dei ulike fylkesutvala.

Helsetenesten for sau.

2 representantar for rasegruppene.

Fagtilsette i Nsg

Nsg Semin A/S

Team semin

Skal leiast av leiar for avlsrådet.

Peder Ravndal: Bør ikkje Nsg Semin A/S liggja under avlrådet?

Kjell Steinar Løland: Vi bør ha eigen person som skal ta seg av spælsauavlen.

Per Johan Lyse: Er det avlsgruppene som skal bestemmas kva prøveverar som skal brukast?

Bjørn: Dette må vi koma tilbake til.

Nsg Avl (sentraladministrasjon)

Ein avlssjef skal ha fagleg leiing.

Det skal og vera ein fagansvarleg sau og ein fagansvarleg geit.

Guttorm Gudmestad meiner det ikkje bør vera same sjef for sau og geit.

Odd E. Risan: Det vil verta lagt opp til 4 regionar i landet med ein avlskonsulent i kvar region. Vil kostnaden med 4 regionar verta for stor og tilskot frå Staten for liten, kan det verta aktuelt med 3 regionar.

Granskar vi for mange verlam? Det kostar å granska verlam. Dei som vert med i avlsarbeidet bør få ein økonomisk kompensasjon pr vinterføra sau.

Peder Ravndal: Vil indeksane koma for seint ved felles gransking for heile landet?

Svar: Flesteparten av lamma bør slaktast i sept.

Sigmund Skjæveland: Det bør gjevast kompensasjon til dei som driv avlsarbeid.

Kjell Steinar Løland: Dei som driv med spælsau og andre rasar i Rogaland og resten av landet ønskjer ein region.

Faglege tiltak.

- Registrering av helseopplysningar frå og med 2005. (fagforum og avlsrådet er einige om at det skal gjerast eit vedtak på dette)
- Felles gransking for heile landet. (skilja beitetyper)
- Gulrot for å vera med i avlsarbeidet.
- Styring av verebruk.

- M-indeks – større dottergruppe.
- Vårvekt.
- Ringanalyse.
- Frikvote for mellom anna kjøtparing – krev dataendringar.

Dei beste kombinasjonane av kåra verlam skal stå på seminastasjonane.

Vi må innføra vårvekt.

Trygve E. Ravndal: Ein del sauebønder har vårvekt på lamma. Kvifor har ikkje desse vektene vorte brukt i avlsarbeidet på verane?

Svaret var at indeksane vart for usikre.

Ove Myklebust: Er det nødvendig å ha haustvekt når ein har slaktevekt på lamma? Slaktevekt, klasse og feittgruppe seier meir om lammet enn haustvekt.

Jostein Seldal: Vi må få til ei frikvote for mellom anna kjøtparing. Det kan verta aktuelt å sleppa ein kjøtver med ein del av saueflokken.

Nils Petter Aarrestad: Vi bør bruka slaktevekt om hausten i staden for haustvekt der vi har dette.

Det vart og på leiarmøtet stilt spørsmål om det er rett å bruka tid og pengar til ringanalyse?

Odd E. Risan: I 2004 har vi hatt avlsråd på landsplan med Bjørn Høyland som leiar.

Risan sa at Bjørn her gjer eit godt arbeid.

Presentasjon av verane på Særheim av Bjørn Høyland.

Det vert i år sett inn 19 eliteverar og 21 prøveverar av Norsk kvit sau.

6 kvite eliteverar av spæl. 2 av desse er Islandske spæl. I tillegg vert det sett inn ein blå spælver. Det skal og setjast inn 6 prøveverar av spæl.

Vi må dyrka gode Rogalandslinjer. Vi har 3-4 linjer der det ikkje er blanda inn Håtopp.

Trøndelag og Telemark er interessert i sæd frå desse slektene.

Veren Hadland frå Vest-Agder har truleg ikkje slekt i Rogaland.

Bratt-Nor og Hermix er gode på både kjøt og morsevne.

Håbjørn vart sett inn på grunn av god M-indeks og god delindeks på morsevne og tal lam.

Avlen på Islands spælsau må styrast. Vi må setja spørsmålsteikn til flokkinstinkt, lammetal, ull og feit.

Kjell Steinar Løland: Vi må få inn dei beste Islandske spælverane til Særheim.

Gentesten gjeld for dei som har hatt utbrott av Nor 98.

6 av verane som står på Særheim er gode mot skrapesjuke.

Bjørn gjekk og gjennom ungverane som er sett inn på Særheim.

Peder Ravndal: Er det lagersæd av verane som stod på Særheim i 2003?

Svaret var at ein del sæd var frose ned.

Det vart i 2004 kåra 1079 verlam i Rogaland. (same tal som i 2003)

På Helleland vart det vraka 40,7 % av lamma som kom til kåring. 15 av 103 vart vraka på grunn av beina.

Per Johan Lyse: Burde lamma på O-kåring vore klipte?

Kjell Steinar Løland: Vi klarer ikkje å ta ut dei beste dyra med god rygg og lår dersom dei ikkje er klipte.

Peder Ravndal: Vi må sjå på det dyrevernmessige ved å klippa lamma før kåringa. Kjøparane vil ofte ha lamma uklipte.

Nils Petter Aarrestad: Dersom vi skal få fram kroppen må dei vera klipte.

Trygve E. Ravndal: På grunn av ofte dårleg ver om hausten må ein kunna bedømme dei med ulla på. Treng vi no ha tett skilje mellom kvar garde?

Svaret var nei. Vi har no same reglar i heile landet for hald av sau.

Peder Ravndal hadde fått beskjed om at særforordningene for Rogaland gjaldt ennå.

Olaug Vikingstad: Vi må få tak i dei forordningene som gjeld i dag.

Bjørn Høyland sa at det er importert 11 levande verar i frå utlandet.

Han meinte at næringa må ta ansvar for import av levande dyr. Andre meinte vi ikkje kan forby det som er tillatt.

Fordeling av frose sæd i frå Særheim.

Peder Ravndal meinte at denne sæden må verta brukt til gode sauer.

Bjørn Høyland sa at dosane må hentast på Særheim og flyttast over i dunken frå Staur. Dette er dei beste verane vi hadde før utslaktinga. Sæd frå Tempo Corvette skal til Bjerkreim. Resten skal fordelast på dei andre ringane.

Guttorm Gudmestad meinte at Jærtexel ikkje må få av desse dosane.

Ove Myklebust orienterte om kjøtkåringa i Rogaland 2004.

Det hadde vore arrangert kjøtkåring på Karmøy og i Time. I tillegg hadde det vore heimekåring i Sauda, Vindafjord, Sør-Hidle og Rennesøy. Det har vore 193 lam til kjøtkåring og av dei så har 145 vorte kåra.

Til Særheim er det tatt ut veran som vart best under kjøtkåringa i Time 2003, Rubin nr. 200390001. I tillegg er det tatt ut 2 blandt dei beste på kåringa på Karmøy og Time dette året.

Frå 2003 står eine kjøtveren frå Ola Mellomstrand att på Særheim. Tilsaman er det 4 kjøtverar å velja i for dei som leverer slaktet sitt til Gilde.

Guttorm Gudmestad kom med kritikk på at det i år var tatt ut kjøtverar som stammar frå privat import og ville ha greie på kven som hadde ansvar for dette.

Ove Myklebust sa at han hadde fått fullmakt i frå Norsk Kjøtt til å ta ut dei beste verane frå kjøtkåringa hausten 2004. Det måtte vera godkjende blodprøvar i frå besetningane. Ove tok ut ver 200490110 Baltasar til Særheim utan å diskutera dette nærmare med Norsk Kjøtt. På grunn av karantene på ein mnd var det viktig å avgjera valet av kjøtverar raskt. Ove vurderte det slik at ved å ta inn desse verane kunne ein tilføra kjøtsauen gode gener og sauebønder som har Norsk kvit sau kunne laga sin eigen gode kjøtver for bruk i krysningsavl. Dette kunne kanskje på sikt føra til mindre interesse for import av sæd og dyr frå utlandet. Det er betre å henta gode kjøtverar som vi allereie har i landet eller gå til utlandet for å få tak i dei.

Eventuelt.

Sigmund Skjæveland sa at dei hadde fått fellingsløyve på ulv i Vest-Agder. Vi må og vera klar til å søkja om fellingsløyve i Rogaland.

I Vest-Agder vil dei no prøva å registrera kor ulven er. Dei vil prøva å ta opp jakta når det vert sporsnø. Må kunne dokumentera skade ulven gjer.

Frå utsendingane på leiarmøte vart det sagt at reglane for hald av småfe var uklare. Personar frå Mattilsynet bør vera med på leiarmøte. Dei bør få tid til orientering. Mattilsynet må ikkje mista kontakt med grasrota. Ove Østrem vart stoppa under transport med eit lass sau og lam frå heia. Eit av spørsmåla frå biltilsynet var om det var drikkekar i skjiljegardane.

Leiar i Rsg, Sigmund Skjæveland takka for eit vellukka leiarmøte og ønskte vel heim.

[Tilbake](#)